

Søknad

Søknadsnr.	2019-0140	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak			
Prosjektnavn	Installasjonar - ViteMeir - Vitensenteret i Sogn og Fjordane			

Kort beskrivelse

Program for installasjonane i senteret. Planen er eit supplement til Hovudprosjektplanen og Forretningsplan II. Den vert no nytta i arbeidet med å finansiere installasjonane og vil vere retningsgjevande for gjennomføringa av programmet.

Prosjektbeskrivelse

Gjennom arbeidet med "Idegrunnlaget til ViteMeir" har ei arbeidsgruppe under leiing av Høgskulen på Vestlandet:

- Skapt den faglege profilen og staka ut ei klar retning for innhaldet
- Sikra relevans for skular, fritidsmarknaden, turistar og næringsliv
- Sikra at innhaldet speglar naturen, ressursgrunnlaget, og teknologiske moglegheiter og utfordringar som ligg i vårt samspel med naturen.

Den overordna profilen er berekraft forankra i FN sine 17 berekraftsmål. Dei faglege satsingsfeltene er samla rundt omgrepet (REINT):

- Ressursar
- Energi
- Idémyldring
- Natur
- Teknologi

Installasjonsprogrammet er samla på kr 15,9 mill. Så langt er kr 5 mill. finansiert, kr 7,3 mill. omsøkt og kr 3,6 mill. ikkje finansiert.

Installasjonane må vere på plass og testa innan opninga av senteret i skuleåret 2020/2021

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Vitensenteret i Sogn og Fjordane as Org.nr:920643515	Skarpeteigvegen 1 6854 KAUPANGER	48189438
Kontakt- person	Marianne Jevnaker	Skarpeteigvegen 1 6854 KAUPANGER	48189438
Prosjekt- leder	Marianne Jevnaker	Skarpeteigvegen 1 6854 KAUPANGER	48189438

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

I 2018 fekk ViteMeir tilskot fra Innovasjon Norge på kr 750 000,- (fordelt på 2018-2019-2020), og tilskot frå Sogn Næring på kr 300 000,- (for 2018).

I 2019 er det søkt om tilskot på kr 300 000,- frå Sogn Næring. Søknad ikkje avgjort pr 090519.

Sogndal kommune har vedteke å gje kr 3 000 000,- til innhaldsutvikling ved senteret.

Rammeavtalar om bruk av senteret er i prosess med ulike kommunar. Nye Sogndal kommune har vedteke å inngå rammeavtale med senteret. Fleire kommunar skal ha søknaden om rammeavtale opp til politisk handsaming mai/juni 2019. Det føreligg positive tilrådingar fleire stadar.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Søknaden gjeld delfinansiering av "Program for installasjonane" (sjå vedlegg) i senteret.

På mange vis fell installasjonsprogrammet mellom to stolar. Det er ikkje inkludert i finansieringa av bygget og heller ikkje del av løpande drift.

I tillegg må installasjonane vere på plass når senteret opnar.

Bygget vert finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Drifta vert løyst gjennom statstilskott, bruksavtaler, inngangspengar og bidrag frå strategiske partnarar i næringslivet.

Finansieringa av installasjonsprogrammet er godt i gang. Det hastar likevel med å få på plass sluttfinansieringa, slik at alt kan stå klart til opninga .

Prosjekt mål

Vitensenteret i Sogn og Fjordane; «ViteMeir» vil opne skuleåret 2020/2021 på Kaupanger i Sogndal kommune. Då må alle installasjonane vere på plass

Forankring

Senteret er forankra i Norsk Forskingsråd sitt Vitensenterprogram. Det blir eit populærvitskapeleg opplevings- og læringsssenter innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi (MNT-faga) der dei besøkjande lærer ved å eksperimentere sjølve.

Senteret vil ha kompetanse i interaktiv formidling og vere ein ressurs innanfor barnehage-, lærar- og dei teknisk-naturvitskapeleg utdanningane.

Prosjektorganisering

Høgskulen på Vestlandet har leia arbeidet med idegrunnlaget, dvs. det faglege innhaldet og installasjonane i senteret. Dei vil fortsetje å koordinere dette arbeidet framover i samarbeid med prosjektleinga i ViteMeir. Det er utarbeida ein idegrunnlagsrapport med fagleg profil og ideskisser for innhaldet (sjå vedlegg).

Det er tilsett prosjektleiar i full stilling frå og med september 2018. Verksemda er leia av styret i Vitensenteret i Sogn og Fjordane as

Samarbeidspartnere

Sjå program for installasjonar for meir detaljar. Dei ulike satsingsområda har ei rad moglege samarbeidspartnarar, avhengig av installasjon.

Aktivitetar

Dette er gjort greie for i program for installasjonar som ligg ved.

Målgrupper

Målgruppa er:

- Barnehagar med barn, barnehagelærarar og føresette
- Skuleverket med lærarar, elever og føresette
- Ålmenta med familiar og andre som ynskjer å besøke eit vitensenter i fritida

Skuleeigarane legg no besøk ved senteret inn i dei lokale ramme- og opplæringsplanane.

Resultat

Oppgåva blir å utvikle og designe lokale, utstilling, stasjonar og oppgåver slik at særleg barn og ungdom blir stimulerte til aktivt å søke meir kunnskap innanfor fagområda.

Installasjonane vil vere:

- Interaktivt og leikande
- Tilpassa ulike ferdigheitsnivå og brukargrupper
- Relevant for skuleverket
- Relevant for turistar og fritidsmarknad, og for næringslivet

Dessutan skal ViteMeir aktivt nytta reisa til senteret, nærområdet og bygget som ein del av formidlingsopplevinga, og vere synleg ute i regionen.

Effekter

ViteMeir vil vere eit nytt og unikt tilbod i Sogn og Fjordane. Hovudformålet er å skape ein framtidsretta læringsarena utanfor klasseromma til born og unge også i vårt fylke. Det finst i dag 10 regionale vitensenter i Norge, der det næraste er VilVite i Bergen.

Vitensenteret vil ha berekraftig utvikling som ein overordna profil for sitt faglege innhaldsarbeid. Dette gjev vitensenteret ein profil som er relevant og aktuell for skulevesen, næringsliv og for samfunnsutviklinga i mange år framover. Miljødimensjonen i berekraftig utvikling vil stå sentralt for det vidare innhaldsarbeidet på ViteMeir. Fokus på miljøets toleevne, med konkrete aktivitetar og installasjonar som «reknar på» denne dimensjonen vil gje ViteMeir ein klar profil. Det er likevel ikkje meininga at alt innhald skal handle om berekraftig utvikling eller ha ein klar miljøprofil. Mykje av formidlinga i eit vitensenter skal naturlegvis også vera nøytral på den måten at det stimulerer til utvikling av basiskunnskapar på ein leikande og interaktiv måte gjennom andre verktøy- eller formidlingsteknikkar enn i skule- og utdanningsinstitusjonar.

Vitensenteret ønskjer å skape ein arena for å utveksle idéar for eit berekraftig samfunn. Tanken er at møtet mellom kunnskap og barn, på tvers av generasjonar og aktørar i samfunnet skal skape samarbeid for nyskapande idéar.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Energi	720 000	2 000 000				2 720 000
Felleskostnader	1 000 000	2 050 000				3 050 000
Idemyldring		1 500 000				1 500 000
Natur	700 000	1 500 000				2 200 000
Ressursar	870 000	2 000 000				2 870 000
Teknologi	510 000	3 000 000				3 510 000
Sum kostnad	3 800 000	12 050 000				15 850 000

Dei ulike elementa innafor kvar budsjettpost går fram av vedlagte program for installasjonar.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Ikkje finansiert		1 550 000				1 550 000
Sogndal kommune	3 000 000					3 000 000
Sparebanken Sogn og Fjordane	1 000 000	1 000 000				2 000 000
Søknader	6 300 000	1 000 000				7 300 000
Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak	1 000 000	1 000 000				2 000 000
Sum finansiering	11 300 000	4 550 000				15 850 000

Finansieringsplanen er nærare omhandla i vedlagte program for installasjonar.

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
2019 0509 Vedlegg søknad ViteMeir.pdf	1 022 177	09.05.2019